



Kjell Helgesen
Slettevikvegen 62
5124 MORVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2455 - 18/22884

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
01.11.2018

GBNR 42/63,94 - Tilbakemelding på søknad om ferdigattest - Naust og kai

Administrasjonen viser til ditt brev datert 22.08.2018 (journalført motteke 16.10.2018) med spørsmål om ferdigattest for naust og kai på gbnr 42/63.

Byggesaksforskriften § 8-1 – Om når kommunen skal utstede ferdigattest for eldre bygg:

For tiltak der søknad om byggeløyve blei sendt kommunen i perioden frå 1. januar 1998 til og med 30. juni 2010, er det Byggesaksforskrifta (SAK10) § 8-1 6. ledd som regulerer kommunen sin plikt til å utstede ferdigattest:

«For tiltak der søknad om byggetillatelse ble sendt kommunen i perioden fra og med 1. januar 1998 til og med 30. juni 2010, og det er gitt midlertidig brukstillatelse, skal kommunen utstede ferdigattest når det enten:

a) ikke gjenstod alvorlige forhold etter gitt midlertidig brukstillatelse, og foretak med ansvarsrett for relevant fagområde vurderer og avgir erklæring om at de gjenstående forholdene er utført i samsvar med byggetillatelsen, eller

b) kun gjenstod forhold av mindre betydning etter gitt midlertidig brukstillatelse, og eier eller tiltakshaver har gitt erklæring om at arbeidene er utført i samsvar med byggetillatelsen. Der det søkes om ferdigattest etter bokstav b, avgjør kommunen om gjenstående arbeider er av en slik art at bestemmelsen kan benyttes.»

I rettleiaren til SAK § 8-1 sjette ledd er det opplyst at det er en føresetnad for å få ferdigattest at;

«...det er gitt midlertidig brukstillatelse etter plan- og bygningsloven av 1985. Dersom tiltaket har midlertidig brukstillatelse, skal det normalt kun gjenstå mindre vesentlig arbeid uten betydning for helse, miljø og sikkerhet. Gjenstår det større arbeider enn regelverket forutsatte for midlertidig brukstillatelse, gjelder likevel bestemmelsen dersom det ikke dreier seg om alvorlige forhold.

Mangler midlertidig brukstillatelse, er bruk av tiltaket i utgangspunktet ulovlig. I slike tilfeller gjelder ikke denne bestemmelsen. **For å få ferdigattest må det vanlige ansvarsrettssystemet brukes** [adm.utheving]. I tillegg kan kommunen vurdere å følge opp lovbruddet.»

Vurdering av om kommunen skal utstede ferdigattest for naust:

Naustet blei godkjent oppført gjennom delegert vedtak datert 20.02.2006, delegert sak 031/06 (arkivsakid 02/718), se vedlegg. Tiltaket blei behandla og godkjent etter plan- og bygningslova frå 1985 (søknadspliktig tiltak etter 1985-lova § 93).

Administrasjonen har gjennomgått dokumenta i saka. Vi kan ikkje sjå at det er blitt søkt om eller gitt mellombels bruksløyve for bygget. Det er heller ikkje blitt sendt inn dokumentasjon for sluttkontroll frå dei ansvarlege føretaka i saka. Administrasjonen veit heller ikkje om tiltaket er utført i samsvar med gitt løyve.

Bygget blei matrikkelført som ferdigstilt av kommunen i 2015 etter tilbakemelding frå tiltakshavar om at naustet var ferdig. Matrikkelen skal vise dei faktiske tilhøve, men registreringa i matrikkelen inneber ikkje at bygget har fått ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Det er ikkje grunnlag for kommunen til å utstede ferdigattest for bygget i dag. Det er ikkje motteke søknad om ferdigattest og sluttdokumentasjon for tiltaket (kontrollerklæringar) i samsvar med krava i 1985-lova § 99.

Kommunen opplyser at sjølv om tiltaket ikkje har bruksløyve eller ferdigattest, blir det ikkje vurdert som ulovleg oppført. Det er altså ikkje aktuelt for kommunen å følge opp saka på nokon måte.

Vurdering av om kommunen skal utstede ferdigattest for kai:

Kaien blei godkjent oppført gjennom delegert vedtak av 04.05.2007, delegert sak 177/07 (arkivsakid 06/1554), sjå vedlegg. Tiltaket blei behandla og godkjent etter plan- og bygningslova frå 1985 (søknadspliktig tiltak etter 1985-lova § 93).

Administrasjonen har gjennomgått dokumenta i saka. Vi kan ikkje sjå at det er blitt søkt om eller gitt mellombels bruksløyve for anlegget. Det er heller ikkje blitt sendt inn dokumentasjon for sluttkontroll frå dei ansvarlege føretaka i saka. Administrasjonen veit heller ikkje om tiltaket er utført i samsvar med gitt løyve.

Det er ikkje grunnlag for kommunen til å utstede ferdigattest for tiltaket i dag. Det er ikkje motteke søknad om ferdigattest og sluttdokumentasjon for tiltaket (kontrollerklæringar) i samsvar med krava i 1985-lova § 99.

Kommunen opplyser at sjølv om tiltaket ikkje har bruksløyve eller ferdigattest, blir det ikkje vurdert som ulovleg oppført. Det er altså ikkje aktuelt for kommunen å følge opp saka på nokon måte.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjenning av naust på gbnr 42-63,94 - 20.02.1006

Gbnr 42-63 - Godkjenning av kai - 04.05.07

Mottakere:

Kjell Helgesen

Slettevikvegen 62 5124

MORVIK